



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/170981-4

Dykkar referanse:
1772831

Vår dato:
12.02.2018

Løyve – Avkøyrslø – Utvida bruk – Fv. 397 – Gnr. 38 bnr. 7 – Mykingvegen – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 05.10.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 397 til gnr. 38 bnr. 7 i Lindås kommune, *vår referanse fv. 397 hp 3 km 0,284*.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrslø skal plasserast i tråd med situasjonsplan vedlagt søknaden, datert 06.09.2017.
2. Det er eit vilkår at avkøyrslø er opparbeidd i samsvar med *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
3. Løyvet gjeld utvida bruk til landbruksføremål.
4. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

6. Det er eit krav at arbeidet med tiltaket (skogsveg) er satt i gong innan tre år, elles fell løyvet vekk.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå.

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsele. Avkøyrsla er i dag nytta til ein bustadeigedom. Lindås kommune skal byggje ny skogsveg over gnr. 38 bnr. 7 som erstatning for tapt landbruksveg og avkøyrsele over kommunal grunn på gnr. 38 bnr. 20.

Vi var på synfaring 25.10.2017. Vi kontrollerte avkøyrsla og målte sikta. Avkøyrsla er for det meste opparbeidd i samsvar med våre krav. Sikta i avkøyrsla var tilfredsstillande, men vi la merke til at vegetasjonen var i ferd med å hindre sikta, særleg retning venstre i avkøyrsla. Vi minner difor om at eigar og brukar av avkøyrsla er pliktig til å halde siktlinjene fri for sikthindrande element.

I søknaden er det opplyst at bruk til skogsdrift vert minimalt, og at det berre er tale om å nokre få lass med tømmer kvart 20. år. Det er ikkje søkt om å nytte tømmerbilar i avkøyrsla, så vi legg til grunn at det er tenkt å nytte vanleg traktor til transporten. Dersom det er tenkt nytta større køyretøy enn dette, vil vi vurdere andre krav til utforming av avkøyrsla.

Dersom tiltaket medfører arbeid på eller langs veg, minner vi om at det må søkjast om arbeidsvarsling til Statens vegvesen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no , som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg


Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Krav til utforming av avkøyrsl


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017



LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

